



Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 05.05.2017

Tid: 09.00 – 14.00

Møtestad: Granvin heradshus, Granvin

Rådmenn: Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Ragnvald Joakimsen (Jondal), Arild M Steine (Kvam), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Reidar Meel (Ulvik), Åse Elin Myking (Vaksdal) under orientering og drøfting av oppfølging etter NAV-orientering.

Administrasjon: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Forfall:

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

09.00 – 10.30 Presentasjon av Værnesmodellen

Rigmor Onarheim, Avdelingsdirektør NAV Voss/Hardanger

Per Helge Vollmo, Prosjektleder NAV Værnesmodellen

10.30 – 11.30 Samarbeidsprosjektet 2016: Planarkiv og digitalisering.

Produktet av plansatsinga 2016 for Hardanger

Vegen vidare med samarbeid - MRK Skjønsmidlar 2017.

Ny kommunestruktur – Regionsamarbeid.

Orientering frå Statens kartverk v/ Henrik Løseth Jansen og Line Langkaas.

11.30 – 12.00 Lunsj

12.00 – 14.00 Sakshandsaming

Orienteringar:

NAV Voss-Hardanger v/ Rigmor Onarheim

- Viser til vedlagte presentasjon

Etablering av NAV Værnes v/ Per Helge Vollmo

- Viser til vedlagte presentasjon

Vegen vidare:

NAV Voss-Hardanger inviterer kommunane til ta initiativ overfor NAV for igangsetting av prosess for vurdering/etablering av ny organisering evt. etter modell frå Værnesmodellen.

Kartverket v/ Henrik Løseth Jansen og Line Langkaas

- Viser til vedlagte presentasjon

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 01/17 Meldingar

Ingen meldingar framlagde.

RF-sak 02/17 Møtebok frå Regionrådsmøter 15.12.2016, 05.01.2017, 16.02.2017, 30.03.2017

Møtebøker vert utsendt til alle rådmenn og det var ikkje spørsmål til møtebøkene.

RF-sak 03/17 Aktuelle saker frå Rådmannsutvalet

Orientering v/ Arild M Steine

- Innspel til FOU-rapportar.
- Private barnehagar.
- Studietur til Brüssel i oktober i regi av KS.

RF-sak 04/17 Samspelet politikk – administrasjon

Grunnlag i kommunelovsendring 1992.

Stor utskifting i rådmannsstillingar. Kan ha si årsak i uklare samspelsreglar politikk – administrasjon.

Varierende kunnskap om politikarrollen. Det er behov for opplæring. Særskilt innanfor tema: Samspel politikk-administrasjon og etikk.

Samarbeidsmøte adm-politisk har vore nyttig. Kafe-dialogmøter med administrative einingar kan vera god prosess for rolleavklaring.

Dialog rådmann – formannskap er den viktigaste kontakten i nokre kommunar medan dialog rådmann – kommune-/heradsstyre er viktigast i andre kommunar.

Habilitet – kan vera lett å bruka utan at det er formelle grunnar til inhabilitet.

Sakshandsamingshandbok er utarbeidd i Granvin.

Tiltak:

Opplæringsdagar er planlagde i fleire kommunar.

RF-sak 05/17 Vegen vidare for Rådmannsforum

Korleis skal møteforma vera

- Under kommunestrukturprosessen fram mot 01.01.2020 ?
- Etter etablering av ny kommunestruktur ?

Rådmennene ønskjer at fellesmøter må avgrensast til det som er naturleg og tenleg t.d. to til tre møter i året. Gjerne eit par møter med overnatting.

RF-sak 06/17 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.

- NAV Værnesmodellen
 - Ein prosess må forankrast politisk. Usikkerheit om kva endringa vil bestå i. Det er ikkje framlagt nokon prosjektplan frå NAV, men det vert invitert til samarbeid om utforming av prosjektplan. Saka vert teken opp i komande regionrådsmøte 15. juni, etter at kommunane har forankra dette i eigen kommune.
- Statens kartverk
 - Rådmennene tek dette tilbake til eigen kommune.
- Bergensalliansen Brannberedskap

- Det vart i hovudtrekk uttrykt ei positiv tilråding til saka. Rådmennene ser denne løysinga som god for eigen kommune.
- Endra takstsystem bompengeselskap
 - Arild Steine og Trude Letnes utformar uttale som kan leggjast fram i Regionrådet. Saksframlegget vert oversendt dei andre kommunane.
- Eigedomsskatt.
 - Konkret sak frå Ulvik vart drøfta. Ullensvang har hatt saker som kan samanliknast med den konkrete saka i Ulvik.

Referent
Jostein Eitrheim
Dagleg leiar Hardangerrådet